



TIL DEG som fyller 14 år i år
Påmelding til konfirmasjon begynner på Haram kyrkje sine heimesider
6.juni. Påmeldingsfrist 20.juni.



KONFIRMANT I HARAM 2017-2018

Informasjon om å vere konfirmant i kyrkja i Haram.

Denne brosjyra vert sendt ut til alle som skal opp i 9.klasse og som bor i Haram kommune. Vi ønsker å gi alle eit tilbod om konfirmasjon. I løpet av konfirmasjonstida skal vi bli bedre kjent med Gud, oss sjølve, våre medmenneske, skaparverket, gudstenesta og kyrkja.

Velkomen til eit spennande år!

REGISTRERING

Informasjonsmøte blir **torsdag 8.juni i Brattvåg kyrkje kl.18.00** for alle på Haram fastland dvs for Brattvåg, Hildre, Hamnsund og Vatne kyrkjelydar. Innskriving/påmelding skjer via www.haram.kyrkja.no og påmeldinga opnar 5.juni. Det vil bli anledning til å stille spørsmål. Husk å ta med kopi av dåpsattest om du er døypt andre stader enn i Haram. Viss du ikkje er døypt, ta med kopi av fødselsattest.



NÅR STARTAR DET I HAUST?

Vi startar opp med samlingar for konfirmantane i august. Årsplan vert sendt ut i midten av august. Så vert det **FORELDREMØTER** med informasjon i kvart av sokna; Hamnsund kyrkje **tysdag 22.august kl.19.00**
Brattvåg og Hildre i Brattvåg kyrkje **onsdag 23.august kl.19.00**
Vatne kyrkje **onsdag 30.august kl.19.00**

PRESENTASJONSGUDSTENESTER

Konfirmantane vil bli presentert for kyrkjelyden på ei gudsteneste. Her blir alle konfirmantane nemnt ved namn og får utdelt eit gudstenestekort. Det er viktig at alle vert med - også familiene er inviterte til desse gudstenestene. Gudstenestene er sett opp slik:
Hildre kyrkje søndag 27.august kl.11.00
Hamnsund kyrkje søndag 3.september kl.11.00
Vatne kyrkje søndag 10.september kl.11.00
Brattvåg kyrkje søndag 10.september kl.17.00

KVA KOSTAR DET Å VERE MED?

For å delta på konfirmasjonsopplegget må ein betale ein kontingent på 1500 kr. 750 kr for hausten og 750 kr for våren. Vi sender ut giro. Konfirmantleir, konfirmantdag, teambesøk, undervisningsmatriell m.m. er inkludert i prisen. Dersom nokon har problem med å betale, ta kontakt med kateket Astrid Øygard tlf 91301209 eller epost ao@haram.kyrkja.no



KVA SKJER?

Konfirmantopplegget vil innehalde temasamlingar/undervisning i grupper ca ein gong anna kvar veke. I tillegg må ein møte på minst 8 gudstenester, vere med på fellessamlingar med andre konfirmantar i kommunen, leir, hjelpe til å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Konfirmantopplegget har ei ramme på 60 timar. Alle samlingar er obligatoriske. Vert frammøtet dårleg, kan det bli snakk om ekstra frammøte og oppgåver.

GRUPPESAMLINGAR/TEMASAMLINGAR

Konfirmantar i **Vatne sokn** har møtedag **ONSDAGAR**; ei gruppe kl.14.30 og ei kl.16.15. Nokre samlingar vert i **Vatne kyrkje**, dei fleste samlingane vert på **Tennfjord bedehus**.

Konfirmantar i **Hamnsund, Hildre og Brattvåg** har møtedag **ONSDAGAR** eller **TORS DAGAR**;

Ei gruppe onsdagar kl.14.30 og to grupper torsdagar kl.14.30 og kl.16.00. Konfirmantane frå Hamnsund, Hildre og Brattvåg vert blanda på dei fleste samlingane. Dei fleste samlingane vert i **Brattvåg kyrkje**. Nokre samlingar for Hamnsundkonfirmantane vert i **Hamnsund kyrkje**.

TILRETTELAGT OPPLÈGG

For at konfirmasjonstida skal bli god, er det viktig at vi får tilbakemelding på registreringsskjemaet dersom konfirmanten har behov for tilrettelagt opplegg/undervisning. Vi ønsker å vere fleksible og vil gjere det vi kan for at alle konfirmantane skal få ei fin oppleving dette året. Dersom det er interesse for det, set vi oss gjerne ned og finn eit opplegg som kan passe.

KONFIRMASJONAR

Våren 2018 er det konfirmasjon på desse datoane:

Vatne kyrkje søndag 29.april

Hildre kyrkje Kristi Himmelfartsdag,10.mai

Brattvåg kyrkje søndag 6.mai

Hamnsund kyrkje søndag 13.mai

